

Høring av forslag til forskrift for nye vedtekter i Tingvoll kommune

Forslag til nye vedtekter for gravplassar i Tingvoll kommune leggest ut til høring. Frist for tilbakemelding er 10.10.2022.

Forslag til Forskrift om gravplassvedtekter i Tingvoll kommune vert handsame i Tingvoll kyrkjelege fellesråd 29.6.2022 og sendt vidare til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark for uttale. Det er vedteke forslag med endringar frå Statsforvaltaren som her vert lagt fram.

Kommentarar kan sendast på e-post til post.tingvoll@kirken.no eller leverast til kyrkjekontoret i Prestgardsvegen 44, 6630 Tingvoll.

Noverande vedtekter	Mal for nye vedtekter utarbeidd av Statsforvaltaren	Forslag til nye lokale vedtektar med endringsforslag frå Statsforvaltaren <i>merka med grønt</i>
VEDTEKTER FOR KYRKJEGARDANE og GRAVPLASSENE I TINGVOLL KOMMUNE	FORSKRIFT OM GRAVPLASSVEDTEKTER, KOMMUNE, FYLKE	FORSKRIFT OM GRAVPLASSVEDTEKTER, TINGVOLL KOMMUNE, MØRE OG ROMSDAL FYLKE
gjeve i medhald av lov av 7. juni 1996 nr. 32 om kyrkjegarder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) § 21.	Jf. lov av 7.juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 (1) , § 8 (1) og § 14 (1) og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 15a (4), jf. gravplasslova § 14 (1) og § 21 (1).	Jf. lov av 7.juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 (1) , § 8 (1) og § 14 (1) og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrifta) § 15a (4), jf. gravplasslova § 14 (1) og § 21 (1).

<p>Vedteke av Tingvoll kyrkjelege fellestråd 10.6.1997, med endringar sist av 10.12.2002.</p> <p>Godkjent av Møre bispedømeråd 18.8.1997, med endringar godkjent sist 10.12.2002.</p>	<p>Vedtatt av NN kyrkjelege fellestråd / kommune (dato)</p> <p>Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (dato)</p>	<p>Vedtatt av Tingvoll kyrkjelege fellestråd 29.6.2022</p> <p>Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (dato)</p>
	<p>I kraft frå xx.xx.20xx.</p>	<p>I kraft frå xx.xx.2022.</p>
	<p>§ 1 FORVALTNING</p> <p>Gravplassane i Tingvoll kommune er underlagt Tingvoll kyrkjelege fellestråd / kommune administrasjons- og myndigheitsområde.</p>	<p>§ 1 FORVALTNING</p> <p>Gravplassane i Tingvoll kommune er underlagt Tingvoll kyrkjelege fellestråd sitt administrasjons- og myndigheitsområde.</p>
	<p>§ 2. DEFINISJONAR</p> <p>Gravplassmyndigheit: kyrkjeleg fellestråd/kommune under utøving av forvaltningsansvaret sitt for gravplassane i kommune, jf. gravplasslova med forskrifter.</p> <p>Fri grav: Grav som gravplassmyndigheita har tildelt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.</p> <p>Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.</p> <p>Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.</p>	<p>§ 2. DEFINISJONAR</p> <p>Gravplassmyndigheit: Tingvoll kyrkjeleg fellestråd under utøving av forvaltningsansvaret sitt for gravplassane i Tingvoll kommune, jf. gravplasslova med forskrifter.</p> <p>Fri grav: Grav som gravplassmyndigheita har tildelt ein avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.</p> <p>Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.</p> <p>Festa gravstad: Fleire kistegraver som er festa saman.</p>

	<p>Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.</p> <p>Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.</p> <p>Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.</p> <p>Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.</p> <p>Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.</p> <p>Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.</p> <p>Festar: Den som står som part i ein festeavtale.</p> <p>Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.</p> <p>Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.</p>	<p>Ordinær urnegrav: Grav til oskeurne med plass til fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.</p> <p>Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.</p> <p>Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast urner.</p> <p>Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging til grava kan takast i bruk igjen til ny gravlegging.</p> <p>Festetid: Tida det er avtala å feste ei grav for.</p> <p>Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.</p> <p>Festar: Den som står som part i ein festeavtale.</p> <p>Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet kan ha eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.</p> <p>Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.</p>
--	--	--

	<p>§ 3. FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE</p> <p>Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9 (2). Gravplassmyndigheita kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.</p>	<p>§ 3. FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE</p> <p>Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9 (2). Gravplassmyndigheita kan etter søknad gi løyve til å køyre ved dokumentert sjukdom/forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.</p>
<p>§ 1. KYRKJEGARDSTILHØYRING</p> <p>Avlidne personar i kommunen skal gravleggjast på den kyrkjegarden i kommunen som ein måtte ønskje, dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune.</p> <p>Andre avlidne personar kan gravleggjast i kommunen så langt ein har plass til det, mot at det vert betalt avgift ved gravlegging og festeavgift tilsvarende fredingstida.</p>	<p>§ 4. GRAVPLASSTILHØYRSLE</p> <p><i>Alt. 1</i> Avdøde personar i kommunen skal gravleggjast på den gravplassen dei soknar til.</p> <p><i>Alt. 2</i> Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på kva som helst av gravplassane i kommunen.</p> <p>Dei har rett til fri grav så framt grava blir tilvist.</p> <p>Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunens eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav så framt grava blir tilvist.</p> <p><i>Alt. 1</i> Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt.</p>	<p>§ 4. GRAVPLASSTILHØYRSLE</p> <p>Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på kva gravplass som helst i kommunen.</p> <p>Dei har rett til fri grav så framt grava blir tilvist.</p> <p>Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunens eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav så framt grava blir tilvist.</p> <p>Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt.</p>

	<p><i>Alt. 2</i> Avdøde personar frå andre kommunar kan berre bli gravlagt i kommunen etter kremasjon og mot at kostnadane ved gravferda og avgift som ved feste av grav blir betalt.</p> <p><i>Alt. 3</i> Avdøde personar frå andre kommunar kan ikkje bli gravlagt i kommunen.</p>	
--	--	--

<p>§ 2. FREDINGSTID OG FESTETID</p> <p>Festeperiode er 10 år.</p> <p>Fredingstid for urnegrav er 20 år.</p> <p>Fredingstid for kistegraver er 20 år med følgjande unnatak:</p> <p>Hanem gravplass:</p> <p>Gravfelt D, rekkje 1 og Y rekkje 1: 40 år</p> <p>Gravfelt A, B, C, D rekkje 2-7, E, F, G, H og Y rekkje 2-7 er stengt for kistegravlegging med unnatak for ektemake/sambuar til dei som alt er gravlagt.</p> <p>Straumsnes kyrkjegard:</p> <p>Gravfelt B, C rekkje 1-7 (M-G), D rekkje 1-7 (M-G), E rekkje 1-7: 30 år</p> <p>Gravfelt C rekkje 8-10 (F-D), D rekkje 8-10 (F-D), E rekkje 8-10, F: 40 år</p> <p>Gravfelt C rekkje 11-13 (C-A), D rekkje 11-13 (C-A), E rekkje 11-14, G: 50 år</p> <p>Tingvoll kyrkjegard:</p> <p>Gravfelt A2B rekkjene 1-4, A2C rekkjene 1-4: 30 år</p>	<p>§ 5. FREDINGSTID</p> <p>Fredingstid for kistegraver er ... år.</p> <p>Fredingstid for urnegraver er 20 år.</p> <p>Gravplassmyndigheita kan vedta lengre fredingstid for enkelte graver.</p> <p><u><i>Merknad: Gravplassmyndigheita skal sette fredingstida lik nedbrytingstida, men ikkje kortare enn 20 år, jf. gravplasslova § 8 (1).</i></u></p>	<p>§ 5. FREDINGSTID</p> <p>Fredingstid for kistegraver er 20 år, med følgjande unnatak:</p> <p>Hanem gravplass:</p> <p>Gravfelt D, rekkje 1 og Y rekkje 1: 40 år</p> <p>Gravfelt A, B, C, D rekkje 2-7, E, F, G, H og Y rekkje 2-7 er stengt for kistegravlegging med unnatak for ektemake/sambuar til dei som alt er gravlagt.</p> <p>Straumsnes kyrkjegard:</p> <p>På felt C og D kan ein setje ned kiste i den grad grunntilhøva tillet det, elles berre urne.</p> <p>Gravfelt B, C rekkje 1-7 (M-G), D rekkje 1-7 (M-G), E rekkje 1-7: 30 år</p> <p>Gravfelt C rekkje 8-10 (F-D), D rekkje 8-10 (F-D), E rekkje 8-10, F: 40 år</p> <p>Gravfelt C rekkje 11-13 (C-A), D rekkje 11-13 (C-A), E rekkje 11-14, G: 50 år</p> <p>Tingvoll kyrkjegard:</p> <p>Mellomalderkyrkjegarden, gravfelt A, B, H, I og KJ er stengt for kistegravlegging. Vidare gravfelt N.</p>
---	---	--

<p>Gravfelt D, E, G rekkje 4 til 7 gravene 13-24: 40 år</p> <p>Gravfelt A, B, C, F, G rekkje 2 til 6 gravene 1-11, H, J, K, L, M, O, P, T, U, Z, A2A, A2B rekkjene 5-8, A2C rekkjene 5-8, A2D, A2F og A2G: 50 år</p> <p>Gravfelt N vert stengt for kistegravlegging. Det gjeld unnatak for ektemake/sambuar til dei som alt er gravlagde der. Gravfelt Q er stengt for både kistegravlegging og urnenedsetjing.</p> <p><u>VEDTAK sak F 49/06:</u></p> <p>Mellomalderkyrkjegarden, gravfelt A – B – H – I - KJ stengast som kistegravleggingsfelt. Unnatak er attlevande etter tidlegare avdøde ektemake. Urner kan framleis settast ned på gravområdet.</p> <p><i>Torjulvågen gravplass:</i></p> <p><u>Vedtak sak F 10/99, F 42/01</u></p> <p><i>Gravfelt I, rekkje 1 stengast for kistegravlegging. Deler av kistegrav skal kunne brukast til vegtrassé.</i></p>		<p>Det gjeld unnatak for ektemake/sambuar til dei som alt er gravlagde der. Urner kan framleis settast ned på gravområdet.</p> <p>Gravfelt Q er stengt for både kistegravlegging og urnenedsetjing. Det tilvisast ikkje nye graver på gravfelt Q.</p> <p>Gravfelt A2B rekkjene 1-4, A2C rekkjene 1-4: 30 år.</p> <p>Gravfelt D, E, G rekkje 4 til 7 gravene 13-24: 40 år.</p> <p>Gravfelt A, B, C, F, G rekkje 2 til 6 gravene 1-11, H, J, K, L, M, O, P, T, U, Z, A2A, A2B rekkjene 5-8, A2C rekkjene 5-8, A2D, A2F og A2G: 50 år</p> <p>Torjulvågen gravplass:</p> <p>Gravfelt I, rekkje 1 utgår. stengast for kistegravlegging. Deler av kistegrav skal kunne brukast til vegtrassé.</p> <p>Fredingstid for urnegraver er 20 år.</p> <p>Gravplassmyndigheita kan vedta lengre fredingstid for enkelte graver.</p>
---	--	--

<p>§ 3. FESTE AV GRAV</p> <p>Når kistegrav vert teke i bruk, er det høve til å feste ei grav ved sidan av og etter godkjenning frå kyrkjeleg fellestråd for ytterlegare ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.</p> <p>Når fredingstida/festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 10 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykkje frå kyrkjeleg fellestråd.</p> <p>I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.</p> <p>Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellestråd avgjere spørsmålet om gravlegging.</p> <p>Festaren pliktar å melde frå om endring av adresse.</p>	<p>§ 6. FESTE AV GRAV MED MEIR</p> <p>Når kistegrav skal takast i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassmyndigheita; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.</p> <p>Ved bruk av ordinær urnegrav, sjå definisjon av "ordinær urnegrav" i § 2 <i>Definisjonar</i>, kan det ikkje bli festa ei grav ved sida av.</p> <p>Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som blir tatt i bruk, er festetida 20 år.</p> <p>Når festetida/fredingstida er ute, kan grava/gravstaden bli festa for nye ... år. Når det er gått ... år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykkje frå gravplassmyndigheita.</p> <p>I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.</p> <p>Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.</p> <p>Ingen kan bli gravlagt i festa grav/gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller</p>	<p>§ 6. FESTE AV GRAV MED MEIR</p> <p>Når kistegrav skal takast i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassmyndigheita; for ei ekstra grav i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.</p> <p>Ved bruk av ordinær urnegrav, sjå definisjon av "ordinær urnegrav" i § 2 <i>Definisjonar</i>, kan det ikkje bli festa ei grav ved sida av.</p> <p>Ved feste av grav ved sida av den kistegrava som blir tatt i bruk, er festetida 20 år.</p> <p>Når festetida/fredingstida er ute, kan grava/gravstaden bli festa for nye 10 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje bli fornya utan etter særleg samtykkje frå gravplassmyndigheita.</p> <p>I god tid før festetida er ute skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden tilbake til gravplassen.</p> <p>Innbetalt festeavgift blir berre betalt tilbake dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.</p> <p>Ingen kan bli gravlagt i festa grav/gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller</p>
---	--	--

	<p>festaren til bruk av grav, kan gravplassmyndigheita ta avgjersle om gravlegging.</p> <p>Festar pliktar å melde adresseendring.</p>	<p>festaren til bruk av grav, kan gravplassmyndigheita ta avgjersle om gravlegging.</p> <p>Festar pliktar å melde adresseendring.</p>
<p>§ 4. GRAV OG GRAVMINNE</p> <p>Kyrkjegardstilsette vil syte for at grava vert planert og tilsådd etter gravlegging. Montering av gravminne kan tidlegast skje 6 månader etter gravlegging av kiste. Ein kan mellombels setje opp ein enkel trekross med namnet på avlidne.</p> <p>Gravminnet skal plasserast sentralt i enden av grava som er brukt, og vert ståande der. Dette gjeld også felles gravminne for fleire graver (gravstad), viss ikkje kyrkjeleg fellestråd gjev pålegg om anna plassering.</p> <p>Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som blomsterurner, lykter, med vidare, som stikker ut frå gravminnet, eller på anna vis kan vere til fare for kyrkjegardstilsette eller vitjande på kyrkjegarden.</p>	<p>§ 7. GRAV OG GRAVMINNE</p> <p>Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggande graver og gravutstyr kan mellombels bli flytta. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn ... månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting. Så lenge ein ventar på gravminne sørgjer gravplassmyndigheita for eit merke med avdøde sitt namn på.</p> <p><i>Alt. 1</i></p> <p>På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava som er tatt i bruk, og blir ståande der for godt.</p> <p><i>Alt. 2</i></p> <p>På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava som er tatt i bruk, og blir sentrert på gravstaden etter neste gravlegging.</p>	<p>§ 7. GRAV OG GRAVMINNE</p> <p>Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggande graver og gravutstyr kan mellombels bli flytta. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging. Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje bli sett opp tidlegare enn 6 månader etter gravlegging av kiste. Gravminne på urnegrav kan bli sett opp med ein gong etter urnenedsetting. Så lenge ein ventar på gravminne sørgjer gravplassmyndigheita for eit merke med avdøde sitt namn på.</p> <p>På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava som er tatt i bruk, og blir ståande der for godt.</p>

	<p><i>Alt. 3</i> På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast sentralt i bakkant av gravstaden.</p>	
<p>§ 5. PLANTEFELT</p> <p>Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt. Det må ikkje vere breiare enn breidda på gravminnet, men kan i alle høve vere opptil 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå bakkanten på gravminnet.</p> <p>Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn høgda på gravminnet, eller kjem utanfor plantefeltet.</p> <p>Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m.v. i plantefeltet. Det er ikkje høve til å ramme inn grava eller delar av grava med hekk eller daude materialar. Plantefeltet kan likevel innrammast med ein delt natursteinskant som fluktar med terrenget rundt.</p> <p>Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.</p>	<p>§ 8. PLANTEFELT</p> <p>Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgde eller går utover plantefeltet.</p> <p>Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterurner, lykter mv. i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.</p> <p><i>Alt. 1</i> Det er ikkje høve til ramme inn plantefeltet eller delar av det med hekk eller døde materiale.</p> <p><i>Alt. 2</i> Det er høve til å ramme inn plantefeltet med ein delt steinkant som fluktar med terrenget omkring.</p>	<p>§ 8. PLANTEFELT</p> <p>Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde, men kan i alle tilfelle vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lengre fram enn 60 cm, målt frå gravminnet sin bakkant. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgde eller går utover plantefeltet.</p> <p>Det er ikkje høve til å bruke faste dekorgjenstandar som blomsterurner, lykter mv. i plantefeltet. Det er høve til å tenne stearinlys og oljelampe på grava, så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern. Stearinlys, oljelamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.</p> <p>Etter søknad er det der hellinga på gravplassen tillet det, høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.</p> <p><i>Gravplassmynde er ikkje ansvarleg for skader på slikt utstyr med mindre skaden skyldast aktløyse frå dei som arbeider på gravplassene.</i></p>

	<p><i>Alt. 3</i></p> <p>Det er høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller bedplate som fluktar med terrenget omkring. Bedplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman.</p> <p>Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.</p> <p>Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale.</p>	<p>Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.</p> <p>Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller døde materiale.</p>
<p>§ 6. PLANTETILFANG</p> <p>Planter, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal vere heilt komposterbart.</p>	<p>§ 9. PLANTEMATERIALE</p> <p>Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere komposterbare.</p>	<p>§ 9. PLANTEMATERIALE</p> <p>Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere komposterbare.</p>
<p>§ 7. STELL AV GRAV</p> <p>Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle grava han har ansvar for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal såast til av den ansvarlege eller av kyrkjegardstilsette.</p> <p>§ 8. GRAVLEGAT</p> <p>Mot innbetaling av ein bestemt sum til gravlegat, vil kyrkjelege fellesråd overta ansvar for planting og stell av gravstaden.</p>	<p>§ 10. STELL AV GRAV</p> <p>Kvar ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.</p> <p>Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.</p> <p>Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjelege fellesråd/kommunen, og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell</p>	<p>§ 10. STELL AV GRAV</p> <p>Kvar ansvarleg for frigrav eller gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.</p> <p>Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.</p> <p>Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at kyrkjelege fellesråd, og den som får løyve til det etter § 13, kan utføre planting og stell av grav samt</p>

<p>Gravlegatet vert forvalta av fellesrådet sin daglege leiar (kyrkjeverja) som legatstyrar. Den innbetalte summen med tillegg av renter skal dekkje utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden for eit fastsett tidsrom. Det skal i kvart einskild høve opprettast legatavtale.</p> <p>Gravlegat kan ikkje opprettast slik at det varer lenger enn den fredingstida eller festetida som ligg framføre. Dersom det oppstår slike økonomiske tilhøve i legattida at midlane ikkje strekkjer til, skal legatstyraren gje melding om dette til festaren eller ansvarshavande for grava. Då er det høve til å auke legatet slik at det varer den avtalte tida ut. Elles vil vedlikehaldet av plantinga opphøyre når midlane er oppbrukte.</p> <p>Dersom det er midlar att av legatet når tida er ute, kan dei brukast av kyrkjeleg fellesråd til å gjere kyrkjegarden vakrare.</p> <p>Gravlegatet vert forvalta i fellesskap, men legatstyrar fører eigen rekneskap for kvart legat som vert revidert årleg. Det er høve til å rekne provisjon for administrasjon og revisjon av legatmidlane.</p>	<p>av grav (, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet). Ein slik avtale frittek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.</p> <p><u>Delen "samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet" kan leggest inn dersom det er aktuelt.</u></p>	<p>montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ein slik avtale frittek ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.</p>
--	--	---

§ 11. NAMNA MINNELUND

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde først på ei namneplate på felles minnesmerke.

Alt. 1

Graver i namna minnelund kan ikkje bli festa etter at fredingstida er gått ut.

Alt. 2

Graver i namna minnelund kan bli festa etter fredingstidas utløp på lik linje med andre graver på gravplassen.

*Merknad: Alternativa over regulerer ein anna temati
enn alternativa under. Vi rår til at begge temaa blir
regulerte.*

Alt. 1

I namna minnelund kan det bli festa ei grav attmed. Dette gjeld også urnegrav, sjå definisjon av "urnegrav i minnelund" i § 2 *Definisjonar*. Ved feste av grav attmed skal det betalast festeavgift frå tidspunktet då den første grava blir tatt i bruk. Ved feste av grav attmed i namna minnelund vil ikkje gravene nødvendigvis kome attmed kvarandre, men namneplatene.

	<p><i>Alt. 2</i></p> <p>I namna minnelund kan det ikkje bli festa ei grav attmed.</p> <p>Avgift for bruk av namna minnelund blir betalt frå det tidspunktet grava blir tatt i bruk.</p> <p><u><i>Merknad: Avgifter for bruk av namna minnelund blir fastsett av kommunen etter forslag frå gravplassmyndigheita, jf. gravplasslova § 21 andre ledd.</i></u></p> <p>Gravplassmyndigheita har ansvaret for felles tilplanting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Det kan leggest ned blomar og tennast gravlys så lenge dette er innanfor gjeldande reglar om brannvern, på ein stad tilvist av gravplassmyndigheita.</p>	
<p>§ 9. BEVARING AV GRAV/MONUMENT</p> <p>Eit område av Tingvoll kyrkjegard, med nemning felt A, B, H, I (J) og K, og vidare eit område av Straumsnes kyrkjegard, med nemning felt C og D, er underlagt særskilte føresegn såleis:</p> <p>Føremålet med bevaring er å ta vare på eit kyrkjegardsmiljø på den delen av kyrkjegarden der ein har særskilt mange gravminne frå gamal tid.</p>		<p>§ 11. BEVARING AV GRAV/MONUMENT</p> <p>Eit område av Tingvoll kyrkjegard, med nemning felt A, B, H, I (J) og K, og vidare eit område av Straumsnes kyrkjegard, med nemning felt C og D, er underlagt særskilt føresegn såleis:</p> <p>Føremålet med bevaring er å ta vare på eit kyrkjegardsmiljø på den delen av kyrkjegarden der ein har særskilt mange gravminne frå gamal tid.</p> <p>I den grad grunntilhøva tillet det på felt C og D på Straumsnes kyrkjegard, kan ein setje ned kiste, elles berre urne, i nemnte gravfelt. (Flyttet til § 12)</p>

<p>I den grad grunntilhøva tillet det, kan ein setje ned kiste, elles berre urne, i nemnte gravfelt.</p> <p>Gravutstyr på nemnte område skal så langt det er mogleg bevarast. Borttaking av gravutstyr skal drøftast av fellesrådet på førehand.</p> <p>Det er ikkje høve til å setje opp nye gravminne på nemnte område utan at dette er særskilt vurdert og godkjent av fellesrådet på førehand.</p> <p>Fellesrådet kan fråfalle festeavgift for graver med gravminne av stor kulturhistorisk verdi, når ansvarleg for grava i staden brukar midla til å halde gravminne godt vedlike.</p>		<p>Gravutstyr på nemnte område skal så langt det er mogleg bevarast. Borttaking av gravutstyr skal drøftast av fellesrådet på førehand.</p> <p>Det er ikkje høve til å setje opp nye gravminne på nemnte område utan at dette er særskilt vurdert og godkjent av fellesrådet på førehand. Ved godkjenning skal det leggast vesentleg vekt på ei utforming av gravminnet i stil med dei eldre gravminna på gravfeltet.</p> <p>Fellesrådet kan fråfalle festeavgift for graver med gravminne av stor kulturhistorisk verdi, når ansvarleg for grava i staden brukar midla til å halde gravminne godt vedlike.</p>
<p>§ 10. BÅREROM</p> <p>Kyrkjeleg fellesråd disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve, men rommet kan brukast av pårørande til liksyning. Dette kan skje utan medverknad av kyrkjeleg tilsette.</p>	<p>§ 12. BÅREROM</p> <p>Bårerom blir disponert av gravplassmyndigheita, og skal berre nyttast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan etter løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.</p>	<p>§ 12. BÅREROM</p> <p>Bårerom blir disponert av gravplassmyndigheita, og skal berre nyttast til oppbevaring av døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgang utan etter løyve. Liksyning kan berre finne stad etter samtykke frå den som står for gravferda, og vedkjem ikkje dei tilsette.</p>

<p>§ 11. NÆRINGSVERKSEMD</p> <p>Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på kyrkjegarden skal ha løyve frå kyrkjelege felle råd. Løyvet kan kallast tilbake viss vedkomande ikkje retter seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre gjelde montering og vedlikehald av gravminner og planting og stell på graver.</p> <p>Kyrkjetilsette kan ikkje mot godtgjersle utføre tenester for private eller næringsdrivande. Dei kan heller ikkje medverke ved sal av varer eller tenester som har med kyrkjegarden å gjere.</p>	<p>§ 13. NÆRINGSVERKSEMD</p> <p>Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.</p> <p>Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og tilplanting og stell av graver.</p>	<p>§ 13. NÆRINGSVERKSEMD</p> <p>Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld.</p> <p>Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og tilplanting og stell av graver.</p>
	<p>§ 14. ARBEID PÅ GRAVPLASSANE</p> <p>Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.</p>	<p>§ 14. ARBEID PÅ GRAVPLASSANE</p> <p>Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er nødvendig for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.</p>

<p>§ 12. ANDRE TILHØVE</p> <p>Tilhøve som ikkje er nemnt i kyrkjegardsføresegnene vert avgjort av kyrkjeleg fellesråd.</p>	<p>§ 15. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE</p> <p>Gravplassmyndigheita kan i særlege tilfelle og innanfor ramma av gravplasslov og gjeldande forskrifter fråvike §§ x, y, z og æ i vedtektene.</p> <p><i><u>Merknad: Gravplassmyndigheita må ev. vurdere kva bestemmingar i vedtektene det skal givast høve til å dispensere frå.</u></i></p>	<p>§ 15. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE</p> <p>Gravplassmyndigheita kan i særlege tilfelle og innanfor ramma av gravplasslov og gjeldande forskrifter fråvike §§ 3, 6 og 7 i vedtektene.</p>
		<p>§ 16. Ikraftsetjing og oppheving av eldre vedtekter</p> <p>Denne forskrifta om gravplassvedtekter trer i kraft xx.xx.2022. Frå same tid blir vedtekter av 10.12.2002 for gravplassane i Tingvoll kommune oppheva.</p>

Saksutgreiing:

Det er fleire gravfelt/gravrader og -rekkjer som er stengt for kistegravlegging. Årsaka er som følgjer:

Hanem gravplass:

Gravfelt A, B, C og D, og mesteparten av E, F, G, H og Y. Grunntilhøva er for dårlege og kan ikkje gjerast noko med. Avviket for rad 1 på felt E, F, G, H og Y skuldast at det for 25 år sidan blei laga ei grøft i vegtraseen. Grunnen for avviket bør vurderast nærare.

Straumsnes kyrkjegard:

Det er forskjellar i jordsmonnet som er grunngeving for unnataka. Det er generelt dårlegare jordsmonn lengst ned i bakken. **Tingvoll kyrkjegard:**

Gravfelt A, B, H, I og KJ er den gamle mellomalderkyrkjegarden som i utgangspunktet er verna mot ny graving (Sak F 49/06). Mellomløysinga med høve til å setje ned urner er der mellom anna for at ein skal ha aktive festarar som har ein grunn til å stelle pent med gravminne som er på desse felta frå før og har stor antikvarisk verdi.

Gravfelt N er heilt ueigna til kistegravlegging (Kvikkleire).

Gravfelt Q, det såkalla «Vonheimfeltet» frå tuberkuloseitida, er heilt ueigna for kistegravlegging. Sidan det ikkje var graver som var freda eller festa, gjorde fellesrådet vedtak kring år 2000 om at dette gravfeltet

ikkje skulle brukast meir. Dette er i praksis ein nedleggingsprosess, utan at ein har tatt sikte på sanering av gravfeltet.

Dei øvrige felta som har unnatak skuldast nedbrytingstilhøve/dårleg jordsmonn.

Torjulvågen gravplass:

Vegen over gravplassen er for smal, og rekkje 1 i gravfelt I skal ikkje brukast til ny gravlegging, slik at ein i framtida kan utvide vegen. Dette blei vedtatt av fellesrådet i sak F 10/99 og F 42/01.

Rammer og bedplater

Paragraf 8 omhandlar omramming av plantefelt på graver. Kravet om at slike innretningar skal monterast i høgd med plenen er ikkje mogleg å oppfylle på delar av gravplassane. Det er berre dei flatare delane av gravplassane der kravet er mogleg å oppfylle. På ein del gravfelt heller det både i lengderetning og tverretning av grava. Når det heller på tvers av grava kan det tenkjast at smale gravminne kan oppfylle krava, breie gravminne gjer det ikkje.

For å unngå eit detaljert regelverk i forskrifta, vel ein formuleringar som gjer at slike rammer skal handsamast på same måte som gravminne ved at dei skal godkjennast før dei blir montert.

Ein ser for seg at ein kan førehandsklarere ein del gravfelt og delar av gravfelt når det gjeld bruk av karmar. Gravfelt som er klart for bratte til å fungere kan ein liste opp. Flate gravfelt kan ein også liste opp. Resten krev meir omfattande arbeid for å avklare, og desse må ein rekne med

at det kan bli diskusjonar om. Det er dessutan mogleg at det vil vere lettare å tilpasse ein tredelt karm enn ei bedplate. Skilnaden kan dreie seg om 3-4 centimeter. Skilnaden går på at ei bedplate som ikkje er i vater ser skeiv ut, ein tredelt kant som er litt skeiv gjev ikkje same inntrykket.

Den nye formuleringa flytter merksemda frå type bedarrangement til korleis dette er montert. Sidan ein stadig ser karmar og plater som ikkje oppfyller slike krav no, må ein rekne med at det blir ein del oppfølging av dette punktet, til alle leverandørar skjønar og følgjer regelverket.

Det nye regelverket har ein viss verknad for tredelte karmar som alt er montert. Når feilmontering no rimelegvis må følgjast opp noko tettare, vil ein del måtte innsjå at slike ikkje let seg bruke i dei brattaste bakkane. Karmane har truleg aldri oppfylt krava som har vore, men festar vil nok oppleve det som at reglane har blitt stramma inn.

Det er sannsynleg at gravplassmynde må vere på tilbodssida i denne saka framover. Ein må berre ta seg tid til dei samtalane som kjem. Ein må lage ein del informasjonsmateriell om dette. Dei som etter fleire forsøk ikkje får rammer og karmar til å vere i høgd med plenen må ein nok også hjelpe praktisk så det blir rett, viss det let seg gjere. Det er også viktig at fellesråd og kyrkjeverje har ei lik oppfatning av kva som kan godkjennast og kva som ikkje oppfyller krava.

For å antyde noko, bør gravfelt T og U på Tingvoll kyrkjegard reknast som for lengdebratte og samtidig noko sidebratte. Felt R, S og A2 bør vere flate nok. Felt P har delar som er for sidebratt. Felt A2 har eit par rader nærast vegen som er utfordrande, men der bør ein løyse det ved

at ein fyller på 10-20 cm på eit areal slik at overgangen mot vegen blir litt lengre.

For Straumsnes vil store delar av felt A og B vere flate nok, likeins felt I. Resten er for stort sett for bratt.

For Torjulvågen er flata flat nok, men nokre graver opp mot hovudporten er for sidebratte.

For Hanem er det stor variasjon også på dei ulike gravfelta. For det nedre feltet er gravminna plassert på den lågaste enden av grava. «Trappemontering» som let seg gjere om sokkelen skal vere høgare enn ramma fungerer ikkje når sokkelen bli lågast.

Namna minnelund

Namna minnelund er ikkje med i forslaget. Dette skuldast at ein må ha eit felt klart til godkjenning som namna minnelund for å kunne ha med noko om slik namna minnelund. Dette er ikkje klart endå. Det vil seie at det vil kome sak om forskriftsendring igjen, så snart slike gravfelt er ferdige til godkjenning.

Bevaring

Heimel for bevaringsparagrafen er gravplassforskrifta:

§ 27. Bevaring

Gravplassmyndigheten kan vedta at områder av gravplassen eller enkeltgraver med gravminner og annet utstyr skal bevaras. Slikt vedtak kan bl.a. gjøres dersom gravminner på et område av gravplassen eller en grav er av en viss alder, at det representerer en stilhistorie, har et lokalt særpreget i form eller materialbruk, gir uttrykk for en interessant personalhistorie eller er unikt.

Gravplassvedtektene skal inneholde egne bestemmelser for de områder eller graver som vedtas bevart.

0 Endret ved [forskrifter 18 des 2012 nr. 1328](#) (i kraft 1 jan 2013), [22 jan 2014 nr. 41](#), [20 nov 2020 nr. 2543](#) (i kraft 1 jan 2021).

Ei spesiell problemstilling er at festar er eigar av gravminnet. Så lenge det er feste på grava kan festar fjerne gravminnet. Gravplassmynde kan ikkje pålegge festar å la gravminnet bli ståande. Gravplassmynde har likevel eit forhandlingsutgangspunkt, sidan eit eventuelt nytt gravminne krev godkjenning.

Det er ønskeleg at det er ein dialog mellom festar og gravplassmynde om gravminna som står på bevaringsfeltet. Viss ein festar ønskjer å fjerne eit bevaringsverdig gravminne bør gravplassmynde forhandle

med festar ut frå dette. Det ligg både ein heimel av økonomisk karakter, og ei avgrensing i form av at det ikkje er fritt val av gravminne på bevaringsfeltet.

Viss festar ikkje ønskjer å ta ansvar for eit gravminne på eit bevaringsfelt, kan festar og gravplassmynde gjere avtale om at gravplassmynde overtar gravminnet samtidig som festet blir avslutta. Det vil då vere gravplassmynde som må ta ansvar for bevaringa av gravminnet.

Det er ikkje vedtatt nokon bevaringsplan for dei aktuelle gravfeltet. Det tyder at det ikkje ligg føre retningslinjer for kva som er målet med bevaringa og kva som skal godkjennast. Vurderinga av kva som kan godkjennast må ikkje vere vilkårleg. Til no har dette vore praktisert med grunnlag i at fleire av kyrkjevevane i Tingvoll dei seinare åra har deltatt på gravplassforeininga sine kurs i bevaringsarbeid. Det finst også rettleiingar frå gravplassforeininga. Dette må vere grunnlaget også framover, til ein får vedtatt ein bevaringsplan.

Det er elles vesentleg at bevaringsspørsmålet blir tatt opp før nokon blir gravlagt på dei aktuelle gravfeltet, slik at desse bestemmelsane ikkje kjem som ei overrasking når det er for seint å velje. Sidan størstedelen av gravene på bevaringsområda berre kan nyttast til nedsetting av urne, har ein oftast litt tid på seg i ein slik prosess.

Viss ein kan opne dialog med aktuelle festarar heilt uavhengig av bruksbehov, og lage avtalar om kvart gravminne, så vil det vere gunstig og hindre at det oppstår uklare tilhøve. Men dette krev ein god del arbeid som ein truleg ikkje får til å dekke opp slik som det er no.

Dispensasjonsheimel

Paragrafane som ein kan gje dispensasjon frå må særskilt nemnast. Vidare bør det vere diskutert ein del kva ein tenkjer er aktuelt for dispensasjon. Typisk er spørsmål som er sjeldne, dei kan vere vanskelege å sjå på førehand og det er krevjande å lage ei god formulering i vedtekta for det.

Litt nærare om § 3:

Meininga bak denne paragrafen er at det på gravplassen skal vere ein viss ro, og at det skal vere trygt å vere der.

For drifta av gravplassen er det til ein viss grad akseptert at ein må bruke maskinar som gjev støy, men ein ønskjer at slik støy skal merkast minst mogleg. Det er noko av det same som ligg til grunn for reguleringa i paragrafen. For dei det er viktig for må ein ha gode ordningar. Andre må finne seg i at dei gjer sine besøk på gravplassen minst mogleg støyande og utan risiko for andre.

Kven som har behov for å ferdast på annan måte enn til fots er eit område som krev godt skjøn og det er vanskeleg å gå i detalj om dette. Her kan også vere behov som oppstår ganske akutt. Utgangspunktet må vere at ein vil vere avhengig av hjelpemiddel for å kunne besøke ei grav. Vidare må det vere ein føresetnad at det kan skje utan auka risiko for andre som er på gravplassen.

Det er ganske opplagt at det er kyrkjevevja som må handsame desse sakene, både dei som er med heimel i vedtekta og dei som krev dispensasjon.

Litt nærare om § 6

Det ligg alt ein god del føringar på fleksibilitet i denne paragrafen. Det er likevel to punkt der ytterlegare skjøn kan bli eit spørsmål.

Det eine gjeld heimelen for å kunne setje av ei grav til, slik at det er høve til 3 kistegraver ved sidan av kvarandre i staden for berre to. Her har ein tenkt på tilfelle der det kan vere born som er særleg knytt til foreldra, eller andre liknande forhold. Det vil normalt gå år mellom ein har aktuelle tilfelle. Spørsmålet må stort sett avgjerast mellom dødsfall og gravferd. Det kan tenkast at det finst andre tilfelle også, som vanskeleg kan løysast på annan måte enn ved ein dispensasjon.

Feste ut over 60 år frå den siste i gravstaden er gravlagd er ein god standardregel som gjev rom for feste så lenge dei fleste har ønskje om. Men det finst nokre tilfelle som opplagt bør innvilgast for lengre tid. Det gjeld t.d. barnegraver der foreldra kan vere i live meir enn både 60 og 80 år etter. I slike høve er det ei rutinemessig sak å få fornya festet.

For 20 år sidan var det knapt om graver på Straumsnes kyrkjegard. Då sette fellesrådet krav om ei grunngjeving for å halde fram med feste når det var gått 60 år etter siste gravlegging. Det blei då mellom anna spurd om familien hadde konkrete planar om å bruke opp igjen grava i familien. Dette ut frå at konkret bruk måtte ein ta høgde for i alle fall, om det ikkje var for konkret bruk, så ville avslutting av festet ha mindre konsekvens for festar. Situasjonen i Straumsnes då det var knapt om graver gjekk over ved at det blei rydda i sovande fester og at ein fekk auka bruk av kremasjon som frigjorde mange graver. Etter den tid har det vore praktisert å forlenge festet når det har vore spurd etter det. Det gjev festeinntekt utan at det er til hinder for noko.

I ein del høve kan gravplassmynde ha interesse av å avslutte festetilhøve fordi nye behov har oppstått. Ein kan tenkje seg av ei gamal grav ligg slik til at t.d. ein moderne lift ikkje kjem til for vedlikehald av kyrkja. Eller det kan ha oppstått eit dreneringsbehov osb. Behovet er ikkje tilstrekkeleg til å avvikle festet tidlegare, men det kan vere ein rimeleg grunn til at festet blir avslutta når det har gått såpass lang tid som 60 år sidan siste gravlegging.

Ein kan elles tenkje seg at ein treng litt spesielle løysingar der ein ved minneleg avtale med festar kan bestemme at grava ikkje kan nyttast til gravlegging, verken for kiste eller urne, men at gravminnet kan få stå til andre graver har blitt så gamle at dei også kan avviklast og eit behov dermed kan oppfyllast. Gravrekkja nær vegen på gravplassen i Torjulvågen er eit slikt døme.

Det bør vere kyrkjeverja som kan dispensere i desse sakene, men det bør vere ein årleg dialog mellom kyrkjeverja og fellesrådet om praksisen og eventuelle praksisendringar.

Tingvoll, 5.9.2022